
Saksnr: 2020/48522-27
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 14.06.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Singerheimen - Søknad om auka driftsstøtte i 2021

Stiftinga Singerheimen søkte om driftstilskot for 2021 over ordninga for organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet, vurdert som del av budsjettprosessen, jf. FT sak 137/20. Omsøkt søknadsbeløp var 300 000 kr. Søknaden vart ikkje tilrådd støtte.

Søknaden for Singerheimen vart overført for vurdering under driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne, noko fylkesdirektøren meiner er rett ut frå føremålet og innhaldet i søknaden.

I sak PS 22/2021 vart det tildelt 180 000 kr over ordninga driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne. Tildelingsbrev vart oversendt stiftinga i brev 26.02.21 med opplysningar om klageadgang. Fylkeskommunen har ikkje motteke klage på tildelinga.

I e-post datert 23.05.21 ber stiftinga om at søknaden om driftstilskot for 2021 vert handsama på nytt i KULL sitt møte 25.05.21 og seinare i Fylkestinget. I e-posten er det lagt ved opphavelag søknad om driftstilskot for 2021, samt supplerande søknad datert 22.05.2021. I supplerande søknad vert det vist til at tildelt tilskot på 180 000 kr ligg langt under forventningar og behov, og fylkeskommunen vert sterkt oppmoda om å auke løyvinga slik at ho samsvarar med den opphavelage søknaden på 300 000 kr.

Fylkesdirektøren ser at situasjonen er krevjande for stiftinga, då Singerheimen er eit omfattande og komplekst anlegg med mange bygg og store utfordringar knytt til både vedlikehald og drift. Anlegget har fått driftsstøtte frå tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune i over 20 år.

Singerheimen har i 2021 fått tildelt 600 000 kr til istandsettingsprosjekt over post 71 (freda bygg, kulturmiljø og kulturlandskap) og har fått førehandstilsegn på 1 mill. kroner for 2022, jf, PS 53/2021.

Fylkesdirektøren har ikkje, innafor eksisterande driftstilskotsordningar på kulturfeltet, funne rom for å kunne tildele driftstilskot i 2021 utover dei 180 000 kr som er tildelt over ordninga driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne.

Stiftinga Singerheimen vil bli oppmoda om å søke fylkeskommunen om driftstilskot også for 2022.